

**MØTEBOK****E-39 Vistvik Engevik Stadfesting av detaljreguleringsplan.**

Utval sak	Utval	Møtedato
48/13	Utval for plan og miljø	18.06.2013
23/13	Kommunestyret	19.06.2013

Vedlegg:

Plankart
Planbeskriving
Medverknad
Samla innspel med kommentarar etter offentlig ettersyn
Tilleggsuttale Hovland.

Samandrag:

Statens Vegvesen starta i 2012 planlegging av utbetring av E-39 frå Vistvik til Engevik. Strekninga er 2,5 km lang, og føremålet med planen er å lage ein betre veg på strekninga, ta bort trafikkfarlige punkt og redusere faren for ulykker. Administrasjonen rår til at framlegget til plane vert stadfesta med dei tre vilkåra ein finn under fana saksopplysningar.

Saksopplysningar:

Proessen har vore samkjørt mellom Statens Vegvesen Norconsult As og administrasjonen i kommunen. Det har under vogs vore møter der også ordførar har vore til stades. Fire av møta har vore på kommunehuset. Det har vore to møter i lokala til Norconsult, og det har vore to møter i private heimar i tillegg til tre befaringar i området.

Ibuarane i området har vorte varsla på vanleg måte, og slik lova krev i samband med oppstart og vedtak i slike saker. Dei ulike fasane har vorte annonsert i bladet Sunnhordland.

Ein har i tillegg til å fylgje varslingsrutinene i prosess for planlegging, kalla inn til personlege samtalar om det som angår dei einskilde heimshavarane sine eigedomar. Alle ibuarane har vorte høyrde, men innspela frå dei er i dette dokumentet omhandla på ulike måtar, avhengig av korleis innspela har vorte framsette.

Blant anna kom det fram i prosessen at ekteparet Anna og Torleif Hovland ikkje fekk anledning til å spele inn sine syn i arbeidsmøtet på kommunehuset. Desse vart difor kalla inn seinare og dei fekk då lagt fram sine syn om planen. Dette vart så spela inn til planleggjar under gjennomgang av innspela i Norconsult sine lokaler i Bergen. Samtlege av deira innspel vert teken omsyn til men vert ikkje omtala som innspel i handsaminga av planen.

Planen er utforma etter Statens vegvesen sine handbøker og retningslinjer for Statleg planlegging. Desse legg opp til høg standard på tiltaket, men kan i mange høve virke strenge og til dømes gje utslag som at ei busslomme ikkje kan ligge der ein strengt tatt kunne ynskje å ha ho, fordi baksikta ikkje tilfredsstillar Staten sine eigne krav til baksikt. Til dømes kan og nemnast at busslommer må ha ei spesielle plassering i forhold til kvarandre og set grense for handlefridomen i planlegginga.

Heile området langs plangresa er eit bustad og landbruksområde.

Strekninga er planlagd løyst med to felt pluss gang og sykkelsti som er skild frå vegbana med ein meter avstand mellom, og heile strekninga skal verte opplyst.

På og avkjøringane til vegen vert samla i færre punkt. Det er færre busslommer langs strekninga og kurvaturane i vegen er retta ut. Brua vil verte erstatta med ny bru medan eksisterande bru vil verte nytta til lokaltrafikk.

Det vert ein landbruksundergang sør i planområdet.

Det er ikkje planlagd undergang for personar då handbøkene ikkje krev det. Forholda i området og krav til universell utforming gjer og at slik undergang vil vere svært kostnadskrevjande og vanskelig å få bygd.

Kommunen krev at dette punktet skal vurderast av ei ekstern trafikksikringsgruppe, og at resultatet av den vurderinga skal gjelde slik at dersom gruppa krev undergang så skal slik undergang byggjast.

Planen legg opp til at det skal kunne byggjast vinterparkering ved oppkjøringa til Hovland. Det skal leggjast 8 toms rør gjennom vegen for framtidige gjennomføringar av vatn straum og avlaup. Gjennomføring av tiltaket vert ei sak mellom grunneigaren og Statens Vegvesen.

Planen legg opp til at det skal byggjast parkeringsplass utanfor huset til Geirmund Engevik som erstatning for tap av anna eksisterande parkeringsareal i planområdet.

Kommunen skal legge til rette for tiltaket når det gjeld arealmessig disposisjon.

Eigarrettane er privatrettslige forhold som eigarane sjølv må avklare. Gjennomføring av tiltaket vert ei sak mellom grunneigaren og Statens Vegvesen.

Planen for Vistvik-Engevik var etter lova å sjå som Statleg plan, med gjeldande retningslinjer for Statleg planlegging. Det vart difor ikkje halde ordinært oppstartsmøte om planen. Det vart derimot halde møte om dei grove trekka i planen mellom avdelinga for plan og miljø, ordføraren, Statens vegvesen og Norconsult.

Etter at kommunen overtok planen ved 1.gongs handsaming har ein samarbeidd tett med Norconsult As, og alle merknader som kom inn til planen i samband med offentleg ettersyn har vore gjenstand for felles handsaming mellom kommunen og Norconsult og Vegvesenet.

Desse kommentarane finn ein i planomtala frå side 84 til side 91 og er felles kommentarar for planleggjar og kommune. I saka ligg desse som eige dokument kalla «Samla innspel med kommentarar etter offentleg ettersyn pluss tilleggsuttale Hovland». Desse innspela er kommenterte av Norconsult og Fitjar kommune. På tre området er det ulikt syn på ordlyd mellom planleggjar og kommunen. Desse vert i saka å sjå som innspel til planutvalet og som utvalet må taka stilling til før dei evt. ber kommunestyret om å stadfeste planen.

1.Undergang i Engevik:

Kommunen set som vilkår at forholdet vert handsama av ei uavhengig trafikksikringsnemnd, og at partane pliktar seg til å etterkome konklusjonen som nemnda kjem fram til.

Kommunen ber Vegvesenet utgreie ei løysing der sørgåande skulebuss snur ved den gamle skulen slik at skuleborna kan setjast av på rett side av vegen.

2.Busslommer Engevik:

Kommunen ynskjer primært busslommer lengre nord enn vist i planen og avkjøringsfelt ned mot Engevik.

Kommunen set som vilkår at forholdet vert handsama av ei uavhengig trafikksikringsnemnd, og at partane pliktar seg til å etterkome konklusjonen som nemnda kjem fram til.

3.Gjennomgang i rekkverk ved gang og sykkelsti:

Kommunen krev at det vert laga opningar i rekkverket slik at dei som driv landbruk eller skal ha tilgang til areala på nedsida av vegen, enkelt kan krysse vegen.

Vurdering:

Planen er godt gjennomarbeidd, og det har vore samarbeid mellom administrasjonen og Ordføraren og Norconsult As/ Statens Vegvesen i heile prosessen. Alle innkomne merknader er kommenterte i fellesskap mellom kommunen, Norconsult og Statens Vegvesen. I tre høver har kommunen presisert og kommentert særskilt. Dette gjeld punkta 1-3 ovanfor.

Planen samsvarar med kommuneplanen på alle vesentlege punkt, og areala er planlagd nytta på ein heilskapleg måte. Hovudfokus har vore sikkerhet, men ein har og greidd å balansere dette med tilpassing til naturen og omgjevnadene på ein bra måte.

Det har vore stor deltaking med mange innspel. Enkelte innspel let seg ikkje gjere å tå omsyn til tross for at ein ser på som gode innspel. Andre innspel vil ha for liten relevans i forhold til handbøkene ein planlegg etter, medan andre igjen har vorte teken inn i planen.

Planen skapar ulemper i samband med tilkomst til busslommer. Dette er negativt for bebuarane. Her ber kommunen om uavhengig vurdering av om forholdet kan endrast i planen. Planen legg elles til rette for ein god veg med opplyst vegbane, gang og sykkelsti og sikre avkjørslar. Dette er positivt for bebuarane. Ein del av bygga langs traseen har fått automatisk innløysingsvedtak medan andre ligg meir i grenselandet for om dei skal løysast inn eller sikrast mot støy og ulemper. Dette betyr ikkje at dei ikkje kan verte innløyste men at det vil verte avgjort seinare i prosessen.

Ibuarane er orientert om Staten sine eigne rutinar for slikt arbeid som skal fylgjast, og prinsippa som grovt sagt er slik at ein legg til grunn verditakst på eigedomane før tiltak, og set dette opp mot verdien av tiltaka som må gjerast for å tilfredstille krava i dei vedtekte retningslinjene. I dei høvene der kostnadene vert høgare enn verdien vil det vere naturleg å løyse inn også utover dei som automatisk er vedteken innløyste.

Alle rørde partar vil verte innkalla til grunneigarforhandlingar og drøftingar om dette tema i løpet av hausten 2013. Dei vanlege prinsippa for erstatning og innløysing vil vere gjeldande for vedtak og utmåling.

Konklusjon

Administrasjonen rår til at utvalet for plan og miljø ber kommunestyret stadfeste planen for E-39 Vistvik Engevik men at ein føreset endring av dei tre angjevne punkta i planen.

Framlegg til vedtak:

Utval for plan og miljø føreset at punkta 1-3 ovafor vert lagt til grunn i det vidare arbeidet.

Utvalet for plan og miljø rår Fitjar kommunestyre til å gjere slikt vedtak:

Fitjar kommunestyre stadfestar detaljreguleringsplan med tre endringar for E-39 Vistvik-Engevik etter § 12-12 i plan og bygningslova.

Behandling i Utval for plan og miljø - 18.06.2013:

Representanten Johannes Nesse (KRF) erklærte seg ugild i saka som grunneigar i området.

Utvalet drøfta hans habilitet og erklærte representanten ugild. Astrid Bukkøy var innkalla, og møtte, som vararepresentant.

Utdelt i møtet:

Administrasjonen la fram skriv med endra saksopplysningar, konklusjon og endra framlegg til tilråding slik:

«**Samandrag** i saka skal lyde slik:

Statens Vegvesen starta i 2012 planlegging av utbetring av E-39 frå Vistvik til Engevik. Strekninga er 2,5 km lang, og føremålet med planen er å lage ein betre veg på strekninga, ta bort trafikkfarlige punkt og redusere faren for ulykker.

Det vart varsla oppstart av planarbeidet den 12.10.2012.

Framlegg til reguleringsplan for E-39 Vistvik – Engevik vart handsama av utvalet 1. gong den 19.03.2013 i sak 19/13.

Det vart då vedteke å leggja planen ut til offentleg ettersyn i tida 21.03.2013 – 03.05.2013.

Frist for å koma med merknader til planen var 04.05.2013.

Innkome merknader er gjennomgått og kommentert av Norconsult AS, Statens Vegvesen og Fitjar kommune. Merknader og kommentarar til merknader finn ein i Planskilddring av juni 2013 og i dokumentet «Samla innspel med kommentarar» etter offentleg ettersyn.

Desse følgjer som vedlegg i saka.

Med vising til saksopplysningar og andre dokument i saka rår administrasjonen til at framlagd plankart med tilhøyrande føresegner for E-39 Vistvik – Engevik vert stadfesta.

Konklusjon skal lyde slik;

Administrasjonen rår til at utval for plan og miljø ber kommunestyret stadfeste planen for E-39 Vistvik - Engevik.

Dersom uavhengig trafikksikringsnemnd kjem fram til at det må gjerast noko av det som er nemnd i pkt 1 og 2, kan dette takast som mindre endring av planen, jfr. pbl § 12-14.

Dersom ein finn det forsvarleg med tanke på trafikktryggleik, kan det som er nemnd under pkt 3 og takast som mindre endring av planen.

Framlegg til vedtak skal lyde slik;

Utval for plan og miljø rår Fitjar kommunestyre til å gjere slikt vedtak:

Fitjar kommunestyre stadfestar detaljreguleringsplan for E-39 Vistvik-Engevik etter § 12-12 i plan og bygningslova.»

Representanten Annar Westerheim (AP) kom med slikt framlegg til tilleggspunkt under konklusjon (pkt 4):

Utvalet føreset at eigedomar, der trafikkstøyen ikkje stettar kravet til vegvesenet sine normer etter avbøtande tiltak/støyskjerming, blir innløyst etter vedtekne retningslinjer.

Røysting:

Alle framlagde endringar og tillegg til konklusjon vart samrøystes vedteke og det ligg føre slik;

Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)

Fitjar kommunestyre stadfestar detaljreguleringsplan for E-39 Vistvik-Engevik etter § 12-12 i plan og bygningslova.

Behandling i Kommunestyret - 19.06.2013:

Ordførar Wenche Tislevoll (H) orienterte om nytt saksframlegg utsendt etter utvalsmøtet 18.06.2013.

Representanten Johannes Nesse sa (KRF) seg ugild i saka som grunneigar i området. Han var ugild under handsaming av saka i Utval for plan og miljø 18.06.13. Det var ikkje kalla inn vararepresentant.

Vedtak: (Samrøystes – 16 røyster)

Som framlegg.

Atle Tornes
Rådmann